

ONSDAG 13. NOVEMBER 2013

smp.no

# Stines sunnmørsjul

- Stine Hole Ulla skreiv julesongen «Øyeblikk» på sommarkurs i Sverige

## PLATEDEBUT

Jula heime i Sykkylven er det beste som finst, meiner Stine Hole Ulla. I den nye julesongen «Øyeblikk» skriv ho på dialekt.

– Det handlar om å nyte øyeblippet, øyeblikk av fred. Om å stoppe litt opp i ein hektisk kvardag, puste ut og sjå på snøen som dalar.

**Kyssesjuka.** 18-åringen fra Sykkylven har retteleg hatt det hektisk det siste året, og kjende kan hende på det då ho var på låtskrivarkurs i Sverige tidleg på sommaren.

For få veker sidan fekk ho konstatert kyssesjuka, og har no fått beskjed om å kvile mykje.

– Eg har hangla heilt sidan i sommar, men visste ikkje kva som feilte meg. Så eg har reist ned til Austlandet ein gong i veka ved sidan av skulen, for å spele inn songane til plata.

– Det har vore slitsamt, men framfor alt har det vore veldig, veldig gøy, seier ho.

**Juletradisjonar.** Rett før jul i fjor gjekk det unge soprantalentet til topps i TV2-konkurransen «Norske Talenter». Det siste året har ho jobba med debutplata, som kjem ut på daWorks Records førstkomande måndag.

– Det måtte bli ei juleplate. Vi er ein stor familie med sterke juletradisjonar, og eg elskar stemninga fram mot jul, når folk gler seg, kjøper gåver og brukar tid på å tenkje på andre, seier Stine.

## STINE HOLE ULLA

- 18 år, frå Ikornes i Sykkylven.
- Går tredje året på vidaregående i Sykkylven.
- Som 14-åring kom Stine Hole Ulla inn på talentprogrammet til NTNU i Trondheim som ber namnet «Unge musikarar».
- Vann TV2-konkurransen Norske Talenter 2012.
- 18. november slepp ho debutalbumet sitt, «Verden blir hvit».

To av songane på julealbumet er nyskrivne. «Øyeblikk» er signert Stine Hole Ulla, Ingrid Skretting og Tommy Mostajarvi, mens tittelsongen «Verden blir hvit» er skriven av komponisten og arrangøren Stein Berge Svendsen. Elles er det både norske, amerikanske og engelske julesongar å finne på debutalbumen.

**Fint følge.** To av songane har fått følge av Kringkastingsorkesteret.

– Vi hadde sett av ein dag til opptak, og eg hadde glede meg i månadsvis. Så blei eg sjuk og mista stemma. Men eg fekk bli med og helse på då dei gjorde opptaket, og sette stor pris på det. Tenk å få med seg Kork på debutplata. Dette er draumen som har gått i oppfylling, seier Stine Hole Ulla.

KARIN RYKKJE  
kr@smp.no



HEIME: Stine Hole Ulla (18) elskar jula heime i Sykkylven, og var aldri i tvil om at debuten måtte bli eit julealbum. ARKIVFOTO: NILS HARALD ÅNSTAD

VERDEN BLIR HVIT: Måndag 18. november slepp vokalisten Stine Hole Ulla julealbumet «verden blir hvit» på daWorks Records. I tillegg til tradisjonelle norske, amerikanske og engelske juleklassikarar har ho med to nyskrivne julesongar. FOTO: LILLYS STUDIO